



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Vår dato
07.06.2016
Dykkar dato
26.05.2016

Vår referanse
2016/5017 620
Dykkar referanse
14/1074 - 16/10460 Kjell Ølnes

Meland kommune
postmottak@meland.kommune.no

Statleg tilskot for 2016 til vidareføring av to stillingar ved barneverntenesta

Fylkesmannen viser til brevet vårt av 21. mai 2015. Vidare viser vi til Meland kommune sitt brev av 26. mai 2016 og Nordhordland Revisjon IKS sin revisjonsrapport av 20. mai 2016. Vi har etter dette mottatt rekneskap og revisjonsrapport om bruken av det statlege tilskotet til styrking av det kommunale barnevernet i Meland i 2015.

I 2015 hadde Meland kommune til rådvelde 1 360 000 kroner i statleg tilskot øymerka til å vidareføre styrkinga av barnevernet i kommunen, sjå tildelingsbrevet vårt av 21. mai 2015. Styrkinga gjeld to permanente stillingar som Meland kommune oppretta med statlege midlar i 2011 og i 2013.

I følgje rekneskapstala brukte Meland kommune 1 208 521 kroner på dei aktuelle stillingane i 2015. Revisjonssjef Reidar Bjørsvik ved Nordhordland Revisjon IKS reviderte rekneskapen den 20. mai 2016.

Fylkesmannen legg etter det til grunn at Meland kommune i 2015 har nytta 1 208 521 kroner av dei 1 360 000 statlege tilskotskronene som kommunen hadde til rådvelde, og at 151 479 kroner ikkje vart nytta i 2015. Vidare legg vi til grunn at desse 151 479 ubrukne kronene vert overførte til bruk i barnevernstenesta i 2016, og at årets statlege løyving vert tilsvarende redusert.

Ordninga med styrkingsmidlar til barnevernet over statsbudsjettet kapittel 854 post 60 vert ført vidare i 2016. Statstilskotet til to stillingar utgjer inntil 1 400 000 kroner. Etter fråtrekk av dei pengane som ikkje vart nytta av fjorårets løyving, får Meland kommune innvilga **1 248 521 kroner** i statleg tilskot i 2016. I lag med dei overførte pengane frå i fjor disponerer Meland kommune **1 400 000 kroner** som skal brukast til å finansiere vidareføring av dei stillingane som kommunen tidlegare har fått statleg tilskot til å opprette. Tilskotet for 2016 vil bli utbetalt når Fylkesmannen har mottatt vedlagde stadfesting i underskriven stand.

Tilskotet skal nyttast til løn og lønsrelaterte utgifter, som inkluderer arbeidsgjevaravgift samt pensjonsdel, feriepengar og eventuelle andre sosiale utgifter. Tilskotet dekkjer ikkje overhead/ administrasjonsutgifter, telefonutgifter, kontorutgifter, reiseutgifter eller godtgjering for bruk av eigen bil.

Det er ein føresetnad at Meland kommune ikkje reduserer stillingane i det kommunale barnevernet i 2016.

Tilskotet skal i utgangspunktet nyttast i 2016. Tilskotsmidlar som ikkje vert brukte i år kan likevel overførast til neste år dersom stillingane vert vidareførte. I tilfelle vil ei eventuell statleg løyving neste år bli tilsvarende redusert.

Meland kommune skal sende revisorattestert rekneskap for bruken av tilskotsmidlane for 2016 til Fylkesmannen innan 31. mars 2017. Kopi av tildelingsbrevet skal leggjast fram for revisor saman med rekneskapet. Dersom rekneskap som er revidert av revisor ikkje vert levert, kan tilskotet krevjast tilbakebetalt. For tilskot på mindre enn 100 000 kroner er det til vanleg ikkje krav om revisoruttale.

Fylkesmannen har fått i oppgåve å kontrollere at tilskotet vert brukt i tråd med føresetnadene. Rekneskapet må difor setjast opp på ein slik måte at lønsutgiftene til to stillingar kjem fram, og bruken av tilskotsmidlane kan haldast saman med reglane for tilskotsordninga.

Fylkesmannen og Riksrevisjonen har rett til å kontrollere at løyvinga vert nytta etter føresetnadene, sjå statens løyvingsreglement § 10 andre ledd. Dersom pengane ikkje vert nytta etter føresetnadene, skal dei tilbakebetalast til statskassa.

Vi ber om at referansenummeret vårt, 2016/5017, vert påført framtidig korrespondanse som gjeld tilskotet for 2016.

Med helsing

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Tor G. Turøy
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrifter.

Stadfestinga skal snarast sendast i retur til:

Fylkesmannen i Hordaland
fmhpostmottak@fylkesmannen.no

Eventuelt per brevpost til:
Postboks 7310
5020 Bergen

Fylkesmannens referanse: 2016/5017

STADFESTING

Organisasjonsnummer:

.....

Kommunennummer:

.....

Kontonummer:

.....

Namn, postadresse og telefonnummer ansvarleg leiar for den kommunale barneverntenesta, eventuelt økonomiansvarleg:

Meland kommune har fått tilsegn om statleg tilskot på **1 248 521 kroner** for budsjettåret 2016 til vidareføring av to stillingar i barneverntenesta. Det er ein føresetnad at Meland kommune ikkje reduserer stillingane i barnevernet i 2016.

Meland kommune stadfester med dette å ha lese og godtatt vilkåra som er sett i Fylkesmannens brev av 7. juni 2016.

.....
stad	dato	ansvarleg leiar

Stadfestinga skal underteiknast av rådmannen eller den som rådmannen har delegert mynde til.